



Nyheitsbrev frå Flyktingtenesta

Utgåve 2

Mai 2010

Dette er 2010 pr.dd:

- Vi har busett 3 av 10
- Mange i deltidsjobb.
- Gode introresultat

Innhalde:

Flott fest på Granvin	1
Eit somalisk kraftverk	1
Medvandring	2
Sirkus	2
Ein dag på hesteryggen: -Gode opplevingar -Noko er felles når kulturar møtes	3
Informasjon	4
Nye behov for Bustadar	4

Fargerikt fellesskap på Granvin! (Tekst: Per Atle Einan. Foto: Øystein Øygarden VTB)

Frivillighetsentralen i Seljord og Kjerringråd Inviterte Safia Abdi til Seljord og skipa til eit heidundrande fellesskap den 20. mai.

Det er vel ingen som veit heilt eksakt kor mange menneskjer som kom, men kinosalen var nesten full og matfata i ettertid blei fort tomme.

Arrangørane synte fram song og dans frå Somalia og Eritrea. Vi fekk song og pianospel frå kulturskulen og lokal folkemusikk frå Seljord spelemannslag.

Når Safia fortel historia si er det med like mykje song, dans og moro som med forteling og føredrag. Ho er fokusert på sitt publikum og dreg gjerne heile salen med. Ungane spring opp

på scena på den minste oppfordringa.

Til festen på Granvin kom det folk frå fleire nabokommunar.

Og for arrangørane gav festen meirsmak og kven veit kva dei gjer neste år—Vi er no tross alt festivalbygda framfør nokon....



Når Safia pratar... (Tekst: Per atle Einan. Foto: Øystein Øygarden VTB)



..så lyttar folket. For oss, etniske innfødde, så har Safia stor appell. På ein fortrefteleg måte fortell ho oss om nokon av alle dei millioner av små kvardagsproblem ein innvandrar kan møte første gongen dei møter eit vinterleg Noreg.

Alt frå ulike kvinnelige ganglag på glattholka til utydeleg barneoppdragning har ho refleksjonar om.

For soomaliarar spesielt og innvandrarar generelt har ho erfaringar og råd i fleng. Skjelden møter ein menneskje med så stor sjølvinnsett som Safia.

Som einsleg, analfabet, mor med tre små døtre, kom ho hit i 1992. Ho har klare tankar om dei første opplevingane, frå livet på asylmottaket, møtet med naboar i eit bustadfelt, barnas møte med skulen og sin eigen kamp for tilværa. Ho har vorre engasjert i helse og jobba aktivt for regjeringa i høve til omskjæring av jenter. No har ho teke mastergrad i internasjonal velferd og helseførebygging.

I dag er ho levande engasjert i

tilhøva til innvandrarkvinnene. Ikkje minst i høve til deira eigne minoritetsmiljø. Når ho snakkar får eg inntrykk av at likestilling, rettferd, individuelt sjølvstende og menneskerettar ikkje er verdiar ho har lært etter at ho kom hit.

Safia er tydeleg på kva eit godt samfunn er og kva som krevjast av kvar og ein av oss for å bygge det. Det formidlar ho med kraft!

Det blir alltid livleg rundt Safia. Ho er eit fyrverkeri, etnisk somalisk, men som ho seier sjølv:

Æ e harstadværing!

”Ei somalisk kvinne som går ute på vinterglatta, på somalisk vis, risikerer å fryse i hel om ho ikkje slår seg i hel ”

Frå innvandrar til medvandrar (Tekst: Per Atle Einan. Foto: Øystein Øygarden VTB)

-Kor lenge må æ være en innvandrar, spør Safia og legg til: ”Han der nordlendingen der har jo vandra rundt i heile verden. Han har vandra mykje lenger enn mæ, og vi har begge oppdratt ungan vårres i Noreg og tatt utdanning her

Det er eit eksistensielt spørsmål ho reiser. Ei av døtrene hennes er den første kvinna av afrikansk avstamning som er kome inn på statens balletthøgskule. Den andre dattera er den første med afrikansk bakgrunn som har teke master ved musikkonservatoriet.

-Dæm e jo meir norsk enn somalisk, mæn alle kalle dæm innvandrer. Andre innvandra kritiserer dæm for at de e

blitt for norske og nordmenn e skeptisk fordi de ser afrikanske ut.

”Æ synes vi e medvandrer alle sammen”



Dermed har ho peika på korleis språk- og omgrep sett føringar for korleis vi tenkjer om kvarandre.

Til andre innvandrarar snakkar ho og eit tydeleg språk. Ho referer gjerne til at ho klagar på mykje den tida ho kom, men

spør så om nokon kan fortelje ho i kva land folk får like gode rettigheter, moglegheiter og velferd som her. Ho minner sine landsmenn på kva Noreg verkeleg gjer for at dei skal lukkast. Og ho peikar på at det og er innvandrarane sjølv som ser på seg sjølve som ulik. Kva gjeld dårlege haldningar til andre menneskjer, så synes Safia at nordmenn ikkje har så mykje å skjemst over. Som ho seier. Det er ikkje nordmenn som spyttar etter jenter som ikkje kler seg etter tradisjonelle konvensjonar.

I 2010 ser vi at dei offentlege romma i større og større grad blir nytta av folk med ulik etnisitet. Det er positivt! **Det er kun ved å vere synleg at integrering kan skje.**

Gleda i begeistra barneauge (Tekst og foto. Per Atle Einan)

I mange kulturar er sirkus noko av det gjevaste ein kan oppleve. I til dømes Russland og Kina har sirkuskulturen svært høg status. Her i landet har eg inntrykk av at interessa er dalande. Det var derfor god plass i teltet då Arnardo gjesta bygda i vår.

Uansett om sirkus blir sett på som høg eller låg kultur, framandt eller velkjent, så har sirkus ein effekt på ungar som verkar meir eller mindre universelt og universelt.

Tindrane, begeistra barneauge og jublende latter over sjonglørar og klovnar, blei vekselvis avbrote av lydlaus spenning når balansekunstnarar og

trapesdansarar utførte sine halsbrekande nummer.

Ungane fekk oppleve at ein temma gribb og nokre katter, leika med små duer og papegøyer. Ender gjorde enkle øvingar og ein mann mest utan bein i kroppen knyta knute på seg sjølv. Ei dame triksa med kroppen dekt av rokkingar. Ein mann sto og balansera høgt på nokre sylfnadar og ballar. Og høgt under taket sveva vakre, lettledde damer frå trapes til trapes

Kva dei vaksne syntes om dei lettledde sirkusdamene som svinga seg rundt i manesjen, det veit eg ikkje. Men ungene var tydeleg på kva dei likte best

Korkje lettledde damer, råmjukke menn, balansekunstnarar og sjonglørar, klovnar, hunder, katter eller temma gribbar kunne måle seg med elefantne.



Ein dag på hesteryggen

Tekst og foto: Per Atle Einan

Seljord kommune sitt integreringsarbeid har fokus på å ta flest moglege samfunnsarena i bruk. Målet er at flyktningane skal bli kjent, oppleve nærleik og kjenne tilhørigheit og tryggleik på flest moglege områder, slik at dei kan ta heile samfunnet i bruk på eiga hand. Samstundes skal dei lære seg språket vårt og lære om kulturen vår.

Eit anna viktig fokus er å skape avbrekk frå dei kvardags-



lege utfordringane med sakk, uro, kjensla av å vere framand og slitet med den daglege skoleundervisninga på eit språk som er krevjande.

Eit avbrekk kan vere ein dag på Seljord ridesenter. Vi var ganske usikker på korleis dette ville bli motteke, men blei desto meir gledeleg overraska over kor unisont positivt folka syntes dette var! Ikkje alle ville ri i starten, men alle ville ri på slutten. Samveret med dei store dyra i stallen var og fylt med psykologisk harmoni, glede og sann innleving i oppgåvene. I evalueringa var det stor iver etter å få starta eit ridekurs til hausten.



Nokre ungar fekk og vere med og oppleve utfordringane på ryggen av shetlandspionni og gleda i samveret med dyr

Gode opplevingar

Tekst og foto: Per Atle Einan

Hestar er store dyr med mykje kraft i seg. Det er ikkje teke for gjeven at ein kan klare å handtere eit så stort dyr.

Menneskjer i sårbare og vanskelege livssituasjonar kan ofte oppleve at dei ikkje meistrar situasjonar i livet. Det er lett å kjenne seg underlegen, feilfull og mislykka.

Når vi, saman med dei dyktige folka på Ridesenteret, Gitte



og Stig, klarte å skape ei trygge og avslappande atmosfære, så fann folk roen og senka skuld-

rene.

Her var elevar og lærarar likeverdige kva ferdigheiter gjeld. Dermed måtte alle hjelpe alle. Dyra var rolege og imøtekommande.

Gleda av å meistre det store dyret og gleda av å kunne bidra med hjelp til dei som alltid hjelper, skapa ei god sjølvkjensle, ei god

oppleving på hesteryggen, eit godt møte med dyr og ei viktig kjensla av å kunne vere til hjelp.

”Her var elevar og lærarar likeverdige kva ferdigheiter gjeld”

Noko er felles når kulturalar møtes..

.. **Det trur eg** vi i større grad skal ta inn over oss, vi som driv integreringsarbeid.

Vi har lett for å rette fokus på kva kulturen vår inneheld og korleis vi skal få formidla det på ein god måte. Ikkje noko prinsipielt gale i det, men kan vi få gjort jobben vår endå betre om vi sett fokus på å finne det som er felles i våre kulturelle møter? Vi gjer jo det sjølv når vi reiser ut og møter andre samfunn og kulturalar.

Eg såg det igjen, på ridesenteret—og eg har sett det før. Det var fleire som hadde erfaringar med seg frå heimlandet. Desse kunne dei bidra med overfor dei som ikkje hadde nokre erfaringar med store dyr.

I klasserommet er det vi som er lærarar og dei som er elevar. Dei som har erfaringara med å vere elev dreg store fordelar av det, men dei er fralmeis elevar.


I meir praktisk aktivitetar ute på ein eller anna samfunnsarena

opplever vi eit høgare engasjement, meir innleving, meir fokus på å bidra og høgare entusiasme. Vi finn likskapar og jobbar ut frå likskapane. Her utvekslar vi erfaring og kunnskap. Vi skapar likevekt og blir likemenn.

Mi erfaring er at folk, uansett bakgrunn, likar å få bruke dei kan og vi blir meir interessert når vi finn noko som er gjensjennlege å lære ut frå. Eg trur vi kan bli flinkare til å leite etter det som er likt i det ulike.



På rideskulen sin arena var ikkje ”hjelparane” dei suverene. Dermed kunne alle hjelpe kvarandre. Det er ei god kjensle.



Seljord Kommune
Brødløsvegen 13
3840 Seljord

Telefon: 35 06 51 08
Faks: 35 06 51 10
E-mail:
per.atle.einan@seljord.kommune.no

www.seljord.kommune.no

Sumartid:

Vaksenopplæringa er stengt frå 21. juni til 17. august.

Flyktningkontoret er ope med kjernetid 0900 — 1500, heile sumaren.

Seljord kommune

Flyktningtenesta har ansvaret for at flyktningar som kjem til Seljord får ei tilrettelagt integrering i kommunen. Det betyr at vi har ein finger med i alt som er naudsynt for at ein flyktning kan organisere livet sitt ut frå tilnærma like premisser som ein innfødd nordmann. God kontakt med næringslivet, offentlege instansar og frivillige organisasjonar er viktig for arbeidet vårt.

Flyktningtenesta er ein koordinator mellom ulike instansar og flyktningen. Tenesta driv med rettleiing og rådgjeving til flyktningar og alle som har med flyktningar å gjere.

Vaksenopplæringa underviser vaksne innvandrarak i norsk og samfunnskunnskap. Vaksenopplæringa fylger skuleruta for grunnskulen i Seljord. Undervisninga er på Borgen og på kommunehuset. Undervisningstida er frå kl. 08.30 - 15.00, måndag til fredag.

Ved avslutning av norskkurs, får elevane høve til å gå opp til offentlig språkprøve. Elevgruppa er sett saman av tre ulike kategoriar elevar, flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarak. Kontakt: wenche.heldal@seljord.kommune.no

Busetting av einslege krev fleire, mindre bustadar

I **Seljord kommune** skal busette 10 nye menneskjer i 2010. Det betyr at vi treng fleire utleigebustadar.

Auka behov

Frå år til år ser vi at behovet for kommunale utleigebustadar er stiaande.

Det er mange ulike grupper som treng ein stad og bu, men som har liten moglegheit til å skaffe seg det på den vanlege utleigemarknaden. Det kan det vere mange grunnar til.

For dei som kjem hit som flyktningar er det gjerne språk, mangel på innsikt i den norske marknaden, økonomi og mangel på nettverk som hindrar dei i å kunne skaffe seg eigen bustad.

For dei private som har bustadar og leige ut så tek kommunen på seg ei ekstra oppfølgingsoppgåve i høve til burettleiing, informasjon og oppfølging i bustaden, samt betaling av husleige. Dette gjev ein ekstra tryggleik til dei som leiger ut bustadar til oss.

Har du eit utleigeobjekt så er vi svært interessert i å vurdere eit samarbeid.

Høveleg bustad

Ein høveleg bustad er like viktig for alle og heilt avgjernade for trivselen vår. Trivselen vår påverkar igjen prestasjonane våre. Såleis er ein trygg og god busituasjon viktig når flyktningar skal etablere seg nye liv.

For Seljord kommune er det

viktig å gje folk ein rimeleg god sjanse til å etablere eit godt og trygt liv i eit velorganisert samfunn. Vi klarar ikkje den jobben om vi ikkje har høvelege bustadar å by folk på når dei skal kome.

For dei som leiger ut kan det og vere ein god sjanse til å bli kjent med nye folk og andre kulturar.

Vil du vite meir om å leige ut bustadar til flyktningar?

Då tek du kontakt med flyktningkonsulenten.

Mob: 91757845

Tlf: 35065108/00

per.atle.einan@seljord.kommu